

Samfunnet må investere i matberedskap – beredskapsstøtte no

Jordbruket vert ofte sagt å ha ein viktig beredskapsfunksjon for nasjonen Norge. Gong på gong viser næringa ei evne til å løyse oppgåver og utfordringar som dei aller fleste i samfunnet ikkje lenger har føresetnader for å forstå.

I gamal tid var jordbruket samansett av så mange bønder at beredskapsfunksjonen vart automatisk dekkja. Slik er det ikkje no lenger. 120 000 gardsbruk er lagt ned dei siste 70 åra, og vi står att med i underkant av 37 000. Etter kvart som bøndene vert færre vert vi som samfunn meir sårbare, fordi vi er prisgitt færre og større einingar som igjen er prisgitt fungerande eksterne forsyningslinjer.

Bruker ikkje samfunnet pengar på norske råvarer basert på norske ressursar i fredstid, vil vi ikkje ha dei når krig og krise råkar. Beredskapen må byggast og haldast ved like til ei kvar tid, uavhengig av den geopolitiske situasjonen. Ei slik investering er heilt naudsynt for ei sikrare framtid. I 2026 er allereie over 1,4 millionar dekar med dyrkamark ute av drift fordi den gjeldande landbrukspolitikken ikkje gjer det lønsamt å nytte dei. Dette er verdifulle ressursar som er ein viktig del av beredskapen til nasjonen vår, og vi må halde dei i hevd.

Hordaland og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag meiner tida er inne for å etablere ei beredskapsstøtte. Ei støtte som ikkje knyt seg til produksjon, men som har som mål å sikre at norske ressursar vert ivaretekne og kan nyttast når det er trong for dei slik at jordbrukets evne til å produsere mat vert oppretthalden i heile landet og til ei kvar tid.

Vi meiner òg at Justis- og beredskapsdepartementet bør inngå som ein heilt naturleg del av jordbruksforhandlingane. Vi ber Norsk Bonde- og Småbrukarlag fremja desse sakene i jordbruksforhandlingane framover.